

Årsmelding 1974

Det styret som vart valt på siste årsmøte var:

Laurits Vågnes (formann), Per Strømsnes (nestformann), Dagfinn Sande (kasserar), Sverre Kvalsund (sekretær) og Gunnar Kinden (styremedl.)

Ein har i året 1974 hatt i alt 8 styremøter. På desse møta har ein drøfta saker som vedkjem drifta av laget, innkjøp av utstyr, og arrangement som laget har hatt i året.

Aktiviteten i laget har i år vore noko betre enn i fjor. Laget har hatt tre større arrangement:

- Det første var terrengløpet på Sandsøya den 31. mars. Det var påmelde i alt 74 deltakarar i løpet, som samla konkurrentar frå Sandsøya, Kvamsøy, Åram og Gjerdsvika. Løpet vart avvikla i svært fint vær og arrangementet var sær s vellukka.
- Sandsøy Idrettslag stod også som arrangør av 17. mai-feiringa i 1974. Også dette arrangementet gjekk greitt og særleg folkefesten på Dollstun var etter styrets si meining vellukka.
- Jonsokaftan i 1974 arrangerte idrettslaget fiskekonkurransen på hamnemoljen. På grunn av sterk vind var både deltakartalet og talet på tilskodarar noko lavare enn ein hadde venta, men ein har inntrykk av at dette er ein svært populær ute-aktivitet. Det vart utdelt premie i tre klassar: for største fisk, minste fisk og for størst samla fiskemengde.

Elles har laget hatt i gang trening av gutane kvar fredag der Laurits Vågnes har vore leiar. Harald Thunem har trena dei yngste gutane.

Vidare aktivitet i laget:

Det styret som går av no, meiner at laget bør prøve å få i gang desse arrangementa i året som kjem:

- 1) Terrengløp på Sandsøya. Dette bør skipast etter same mønster som i fjor og det bør bli tradisjon på Sandsøya.
- 2) Fiskekonkurransen på jonsokaftan.
- 3) Det største løftet for laget denne våren vil verte at laget har meldt på eit gutelag i Sandeserien i fotball. Dette vil medføre ein del utgifter til reising og utstyr, og ein bed om at særleg foreldra til gutane på laget er hjelpsame med skyss osv. Laget må vidare setje i stand måla på skuleplassen og setje opp eit høgare gjerde i eine enden av skuleplassen.
- 4) Treningane for gutane vil verte vil verte som før. I tillegg har Solveig (Mande?) lova å trene med dei yngste jentene.
- 5) Elles vil laget arrangere prøver slik at dei vaksne kan få ta idrettsmerket utover våren.

Det avgåande styret vil særleg etterlyse meir engasjement av dei vaksne medlemmane i laget. Ein treng spesielt folk som kan ta på seg å aktivisere dei yngste gruppene.

Inntekter kr 4134,- og utgifter kr 2850,-. 74 medlemmer pr. 1/1-75.